

Vår ref.:
25/01837-23

Vår dato:
17.11.25

Referat frå IDF-møte - Styresaker - 17.11.2025

Tid og stad: Måndag 17. november 2025, frå kl. 13.00 til 14.00, Teams

For partane møtte:

Arbeidstakar:

Øystein Backelin	LO-stat
Jan Ove Rogde Mjånes	Akademikerne
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Karl-Eric Melander	YS-Stat

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Björg Kristin Selvik	Stabsleiar styresekretariat og verksemdsstyring
Anne Lone Hovland	Seniorrådgjevar HR (referent)

Forfall:

Karin Bell	Hovudverneombod
------------	-----------------

Vedlegg:

Godkjenning Forskarforbundet, Godkjenning Akademikerne, Godkjenning LO-stat, Godkjenning YS-stat

Saker til styremøte 7/2025

Vedtakssaker

52/25-B - Budsjett for 2026

Rektor orienterte.

Tillitsvalde peika på at fleire av dei føreslegne justeringane kunne vore betre forklart i saka. Det vart stilt spørsmål til nedgangen i basistildelinga til fakulteta, som ein tidlegare har oppfatta skal vera jamn og føreseieleg. I tillegg sakna ein meir informasjon om kva konsekvensar budsjettendringane vil ha for fakulteta sitt handlingsrom, m.a. om storleiken på dei strategiske midlane, etter at løyvingane til campusutvikling, programutvikling og digitalisering er føreslått tildelt som faste løyvingar.

Tillitsvalde etterspurde også ei tydelegare framstilling av bakgrunnen for budsjettauken i fellestenester og i direktørlinjene, og ein stilte spørsmål ved budsjetteringa av resultatutsett administrasjon, som verka å ikkje vere gjort i fakulteta. Vidare sakna ein vurderingar knytt til tilfeldige konsekvensar av den tidlegare stillingsstansen i fellesadministrasjonen, og korleis dette eventuelt er retta opp i budsjettet.

Tillitsvalde peika også på at årsakene til manglande justering i lønsutgiftene for prisvekst i 2024 og 2025, ikkje er gjort nærare greie for i saka.

53/25-B - Rapport om studentopptak og studentrekruttering 2025

Rektor orienterte.

Tillitsvalde uttrykte bekymring for den varierende fyllingsgraden på studieprogramma og dei store skilnadane mellom campusane. Dei ønska informasjon om handlingsrom og tiltak. Medan tilsette på enkelte campus er urolege for jobbane sine, opplev tilsette andre stader at arbeidsbøra blir for stor på grunn av overopptak.

Tillitsvalde peika på at både Fakultet for helse- og sosialvitenskap og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap har jobba aktivt for å betre fyllingsgraden, m.a. ved å føreslå både nullopptak og nedlegging av studiar, medan Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har vore avventande. Dei bad om ei forklaring til dette.

Rektor informerte om at det er under arbeid ein ny rammeplan for lærarutdanningane, og at ein ønskjer å vente med å gjere endringar til ein er betre kjent med innhaldet i den nye rammeplanen.

54/25-B - Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2026/27 - Nullopptak for studieåret 2026/27

Rektor orienterte.

Tillitsvalde kommenterte at ein ser lite av grep, som for eksempel flytting av studieplassar internt i fakulteta, med tanke på ulik fyllingsgrad innanfor fakultetet, og over- og underfinansierte studietilbod.

55/25-B - Vurderingsgrunnlag for dimensjonering av studieporteføljen

Rektor orienterte.

Tillitsvalde peika på kompleksiteten i vurderingsgrunnlaget og etterspurde behovet for ei vekting av dei føreslegne kriteria. Ei vurdering av kriterium som tek i vare etterspørsel og lange søkjarlister, vart også etterspurt.

Tillitsvalde la fram at arbeidet til den partssamansette arbeidsgruppa burde ha komme tydeleg fram i vurderingsgrunnlaget og det same for innspela som kom i høyringsrunden.

Rektor informerte om at både det nemnde arbeidet og høyringsinnspela inngår i grunnlaget og peika særleg på samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov og potensialet for studentrekruttering i saksframstillinga, som inngår i vurderingsgrunnlaget. Det er viktig for HVL å ha eit vurderingsgrunnlag der departementet sine forventingar vert vektlagde samstundes som ein gjer kritiske vurderingar av utdanningane sin strategiske posisjon.

56/25-B - Omstrukturering av Campus Førde Verftet AS

Rektor orienterte.

57/25-B - Oppdatering av Forskrift om opptak til HVL

Rektor orienterte.

58/25-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

Saka er unnateken offentlegheit, rektor orienterte generelt om grunnlag som gjev høve til kalling.

Orienteringssaker

O-49/25 - Policy for forskning

Rektor orienterte.

Tillitsvalde var usikre på om det var spelt inn i høyringa, men ville kommentera saka slik ho låg føre.

Til mål 2 – Ta inn ei setning om at HVL skal ha modige forskingsmiljø som torer å forske på kontroversielle tema (som mangfald og likeverd)

Til mål 6 – Ta inn ei setning om at HVL har som mål å trygge forskarane på at dei kan uttrykke seg fritt i det offentlege ordskiftet når dei presenterer forskinga si.

Rektor kommenterte at forskning krev både modige forskarar og trygge rammer, og at dette gjerne kan framhevast når forskning står på dagsorden i HVL, men utan at ein treng å ta det inn i som eigne mål.

O-50/25 - Prosjekt medverknad og styring i HVL

Rektor orienterte.